

1.5.1 NORDAUSTARKTISK TORSK

Bjarne Bogstad

bjarne.bogstad@imr.no

□ Status og råd

Bestanden er i rimeleg god stand, og om lag på langtidsgjennomsnittet (1946–2007). Gytebestanden er veksende, og over langtidsgjennomsnittet (figur 1.5.1.1).

Fiskeri


Totalkvoten for 2007 var 445 000 tonn. Total internasjonal fangst var 487 000 tonn, inkludert eit overslag for urapportert fiske på 41 000 tonn. Norsk fangst utgjorde 200 000 tonn i 2007. Andre fangstnasjonar er i rangert rekkefølge: Russland, Færøyane, Spania, Storbritannia, Island,

Grønland, Tyskland, Frankrike, Portugal, Polen, Irland, Kviterussland og Danmark (figur 1.5.1.2). Om lag 70 % av årsfangsten blir tatt med botntrål. Resten blir fiska med garn, line, snurrevad og juksa.


Fisket i 2007 vert rekna som berekraftig. Det har framleis høg prioritet å få slutt på det urapporterte fisket som har resultert i eit monaleg overfiske dei siste åra. Overslaga for urapportert fiske i 2007 viste ein nedgang frå året før. Nedgangen heng truleg saman med innføringa av hamnestatskontroll i Nord-Atlanteren (NEAFC-området) frå 1. mai 2007. Tala for urapportert fiske i 2008 er enno ikkje klare.

Nordlegare gyting

Ein stadig større del av den gytemodne torsken (skrei) vert fiska nord for det tradisjonelle hovudgyteområdet i Lofoten. Mykje skrei er tatt langs kysten nordover frå Lofoten til Sørøya (eit tradisjonelt gyteområde) og også på kysten av Vest-Finnmark. Fenomenet er ikkje nytt; også i perioden 1930–1950 var det ei nordleg gyting. Dette veit vi frå fangststatistikkar (leveransar av rogn og torsk fordelt på område langs kysten). I perioden 1930–1950 var det varmare enn normalt i havet, slik det også er i dag, og dette trur vi er ein av hovudgrunnane til at gyteområda har flytta seg nordover.



Figur 1.5.1
Utvikling av totalbestanden for nordaustarktisk torsk (mørkt + lyst felt).
Development of the total stock of Northeast Arctic cod (dark area = maturing, light area = immature stock) and recruitment (bars).



Figur 1.5.2
Utvikling av fangstar av nordaustarktisk torsk. Raud del av søylene viser norsk fangst, blå del andre lands fangst, og grøn del IUU-fiske.
Development of catches of Northeast Arctic cod. Red part of bars shows Norwegian catch, blue part shows catches by other countries, and green part shows IUU-catch.



Merking av torsk.
Tagging of cod.

Torsk

Gadus morhua

Andre norske namn:

Skrei, jedd, jadd, bruning

Familie:

Torskefamilien

Maks storleik: 169 cm og 55 kg

Utbreiing: Den varme sida av Polarfronten i Barentshavet

Hovudgyteområde: Lofoten/Vesterålen

Gytetidspunkt: Februar–april

Føde: Fisk

Nøkkeltal:

AVTALT KVOTE 2009:

525 000 tonn, norsk kvote: 222 100

AVTALT KVOTE 2008:

430 000 tonn, norsk kvote: 181 650

FANGST 2007:

487 000 tonn, norsk fangst: 200 000

NORSK FANGSTVERDI:

Ca. 3 milliardar kroner (gjennomsnitt siste ti år)

Northeast Arctic Cod

The stock is in a fairly good state and increasing. Unreported catches have caused considerable overfishing of the agreed quotas in the last five years, but are now declining. The management

agencies aim to stop the unreported fishing. The fishery in 2007 was considered sustainable. Norway and Russia are the main fishing nations. In addition, the Faroe Islands, Greenland, Iceland and EU take part in the fishery.

Fakta om bestanden

Torsk er ein rovfisk tilknytt botnen, men i Barentshavet kan han i delar av året opphalde seg mykje i dei frie vassmassane. Ungfisk (0–2 år) et mykje dyreplankton, medan fisk og botnorganismar er viktigast for den eldre torsken. Dei viktigaste gytefelta for nordaustarktisk torsk er i Vesterålen/Lofoten. Egga blir gytt i frie vassmassar i februar–april. Både egg og larvar driv med straumen inn i Barentshavet, der yngelen botnslår seg seint på hausten. Mesteparten av bestanden finn ein i Barentshavet, på den varme sida av Polarfronten (til ca. 76° nord og 50° aust). I varme år går

utbreiinga lenger nord og aust. Såleis fann ein hausten 2007 torsk heilt nord til 81°N (nord for Svalbard) og aust til 56°Ø (ved sørspissen av Novaja Semlja).

Den nordaustarktiske torsken er den største torskebestanden i verda. Andre havbestandar av torsk finst ved Island, Færøyane, i Austersjøen, Nordsjøen og Irskesjøen, vest av Skottland og i Georges Bank- og Newfoundland-områda i Nordvest-Atlanteren. I tillegg finst det lokale kyst- og fjordbestandar langs kysten av Noreg, Sør-Grønland og Canada.

